

## Møteprotokoll Eldrerådet

**Møtedato:** 03.10.2023

**Møtestad:** Kommunehuset - møterom Børilden

**Møtetid:** 17:15 - 18:30

Saker der handsaminga blir notert under orienteringar:

- Evaluering av fire år i eldrerådet
- Svar på spørsmål om demensplan
- Avslutningsmiddag

Frammøtte medlemmer	Rolle
Gro Vigdis Johannessen	Medlem
Solveig Hopen	Medlem
Reidar Øksnes	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Rolle
Ivar Bergsvik	Medlem
Idar Johan Hopland	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Rolle
Magnus Kvingedal	Varamedlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Ketil Tjore

---

Austrheim 9. oktober 2023

Gro Vigdis Johannessen  
møteleiar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## **Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
018/23	Godkjenning av innkalling og saksliste
019/23	Godkjenning av møteprotokoll
020/23	Meldingar
021/23	Orienteringssak
022/23	Evaluering av Eldredagen siste 4 år

## **018/23: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

### **03.10.2023 ELDRERÅDET**

Handsaming i Eldrerådet:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samråystes vedteke

### **ER - 018/23 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vart godkjent

---

## **019/23: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

### **03.10.2023 ELDRERÅDET**

Handsaming i Eldrerådet:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samråystes vedteke

### **ER - 019/23 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

---

## **020/23: Meldingar**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

### **03.10.2023 ELDRERÅDET**

Handsaming i Eldrerådet:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **ER - 020/23 VEDTAK:**

Meldingane vart tekne til orientering

---

### **021/23: Orienteringssak**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Dei enkelte punkta skal følgjast opp som nemnt i referatet.

### **03.10.2023 ELDRERÅDET**

foreslått av:

Dei enkelte punkta skal følgjast opp som nemnt i referatet.

Desse sakene var lista opp på framsida av innkallinga, med handsaming under orienteringar:

- Evaluering av fire år i eldrerådet
- Evaluering av Eldrerådet sitt arbeid den siste fireårsperioden blir utsett til det neste møtet.
- Møtesekretæren sender ut spørsmåla på nytt.
- Svar på spørsmål om demensplan
- Rådet diskuterte framlegget til demensplan som er sendt over fra Åshild Sandvin Olsson. Ulike problemstillingar:
  - Korleis er statusen for kor mange tilsette innan helse som har etterutdanna seg for å jobba med demente?
  - Er det realistisk at kommunen har økonomi til å bygga ut både nytt helsetun, og samstundes satsa på mange felt.
  - Er det mogleg å etablera demenskor som eit av fleire nye tiltak for personar med demenssjukdom?
  - Austrheim kommune er ein kommune med stor tilflytting, der mange ikkje har familie/pårørande rundt seg som kan hjelpa til.
  - "Leve heile livet" er bra, men det må vera mogleg å få plass på institusjon når ein er i den situasjonen at det er behov for det.
  - Demensplanen er noko det nye Eldrerådet må jobba vidare med.

Svar på spørsmåla frå demenskoordinatoren:

- Svarar planen til formålet?  
Eldrerådet meiner at planen svarar til formålet, og er eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet.
- Er innholdet forståeleg?  
Eldrerådet meiner at innhaldet i planen er forståeleg.
- Kva er viktig for deg som innbyggjar?  
Eldrerådet meiner det er viktig at den enkelte innbyggjaren får det tilbodet ein treng av den kommunale helsetenesta der kompetansen er på plass, og at det ikkje kviler på dei pårørande.

- Avslutningsmiddag

Møtesekretæren sjekkar moglege datoar i desember, og koordinerer, kanskje onsdag 6. desember? Ein kallar inn dei representantane som har møtt den siste fireårsperioden, samt Rigmor Ludvigsen frå Frivilligentralen som har samarbeid tett med rådet om Eldredagen.

- Budsjettprosessen 2024:

Budsjettet vert lagt fram i felles møte for formannskapet og kommunestyret torsdag 2. november, på Austrheim samfunnshus. Det er mogleg å delta fysisk eller sjå TV direkte eller i opptak.

- Spørjeundersøking om kvar eldre vil bu

Magnus Kvingedal etterlyste svaret på denne saka frå førre møte, her skal møtesekretæren sjekka opp til neste møte.

Handsaming i utvalet:

Dei enkelte punkta skal følgjast opp som nemnt i referatet.

**ER - 021/23 VEDTAK:**

Dei enkelte punkta skal følgjast opp som nemnt i referatet.

---

**022/23: Evaluering av Eldredagen siste 4 år**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Rådet vil oppmoda det kommande Eldrerådet til å halda fram med samarbeidet med Frivilligentralen som arrangørar av Eldredagen, så framt Frivilligentralen er open for dette. Planlegginga må vera ferdig før sommarferien, slik at ein rekk annonsering i Kyrkjbakken og andre stader der det skal ut.  
Eldrerådet viser elles til saksteksten for ytterlegare informasjon om korleis arrangementet har vore dei siste åra.

**03.10.2023 ELDRERÅDET**

Saka vart lagt fram direkte i møtet.

Leiar Gro Johannessen gjekk gjennom punkta i saka, jamfør det som er ført på "sakstekst".

Handsaming i Eldrerådet:

Samrøystes for framlegget til vedtak.

**ER - 022/23 VEDTAK:**

Rådet vil oppmoda det kommande Eldrerådet til å halda fram med samarbeidet med Frivilligsentralen som arrangerar av Eldredagen, så framt Frivilligsentralen er open for dette.

Planlegginga må vera ferdig før sommarferien, slik at ein rekk annonsering i Kyrkjebakken og andre stader der det skal ut.

Eldrerådet viser elles til saksteksten for ytterlegare informasjon om korleis arrangementet har vore dei siste åra.

---